

Halve grenda på julefest også i år

28.12.2009



Det er plass til berre to ringar rundt grana i Vonheim. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Overskrift og konklusjon blir den same i år som i fjor og åra før: Halve grenda møter fram på julefesten i Vonheim. For også i kveld var det rundt rekna 40 som kom og dermed held dei liv i ein tradisjon som ikkje har vore broten sidan lokalet vart vigsla i 1933.**

**Det er svært imponerende og tilskiparane fortener all mulig ros som utrettelege tradisjonsberarar. Dette året går rosen til festleiar og Vonheim-leiar Britt Torill Mathiesen.**



Nissen kom sjølv sagt med mykje godt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Også programmet har så å seia uendra opplegg frå det eine året til det andre: Sidan 1987 har det opna med at musikklaget spelar eit utdrag av songskatten som er knytt til jula – denne gongen fem songar og med Glade Jul som allsong til slutt.





Ronny Lakslev hadde andakten i år. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Utifrå det timannskorpset presterte denne kvelden er det grunn til å ønskje dei eit framleis langt musikalsk liv. Alders-spennet gikk frå 16 (Vegard Døssland og Birgitte Hjelmeland) til 77 (Bjørgulv Eik) men det er tydelegvis upproblematiske.



Å ha med mat heimefrå er også ein tradisjon på Vonheimfesten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Julefesten på Vonheim har også alltid ein andaktshaldar og i år var det uskedelingen Ronny Lakselv, som vaks opp i ein heim der dei ikkje feira jul. Men no har han i mange år vore forkynnar og kunne avsløra nøkkelen til den fullkomne julegleda.....

Også i år las Ingebjørg Haugland juleevangeliet og festen heldt fram med nok ein tradisjon – at alle har med noko til matøkta. At nissen med godteposer gjer sin entre, denne gongen saman med ein gufs av vinter gjennom døra, er også sjølv sagt. Leikane er ein annan fast post.

Og så er det gong rundt julestreet i to omgongar. Det er ikkje plass til meir enn to ringar i Vonheim, men det gjer ingenting, for då blir det akkurat passe intimt.....

Imtimit er forresten eit passande stikkord, for eit arrangement som dette er i høgste grad med og held samhaldet i bygda ved like.

Mange julefest-tradisjonar har sovna inn, men det har ikkje Vonheim-tradisjonen.

Av Ola Matti Mathisen



Musikklaget har spela på Vonheim-festen sidan 1987. (Foto: Ola Matti Mathisen)